



	Sak nr D-	Vår dato: 01.02.2021	Vår referanse: 2021/795-L13
Vår saksbehandlar: Linda Djuvik	Direkte telefonnr.: 53423156	Dykkar dato:	Dykkar referanse:

MULTICONSULT NORGE AS AVD STORD
Kunnskapshuset Sæ 132
5417 STORD

SVAR PÅ SØKNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN MED KONSEKVENSTUTGREIING FOR POSTSMOLTANLEGG PÅ 68/7 MFL. SKÅLEVIK PLANID 202007 (2020/1638)

Bømlo kommune, Utval for areal og samferdsel handsama søknad om oppstart av reguleringsplan med konsekvensutgreiing for postsmoltanlegg på 68/7 mfl. Skålevik 27.01.2021 sak PS 8/21. Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes slikt vedtak:

1. I samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova vil kommunedirektøren rå til at gnr. 68, bnr. 7 mfl. Skålevik, Goddo i Bømlo vert teke opp til regulering for utviding av eksisterande lokalitet for postsmoltanlegg på land. Forslagsstillar skal melde oppstart av planarbeidet i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8.
2. Bømlo kommune set krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplan for postsmoltanlegg Skålevik. Heimel er forskrift om konsekvensutgreiing § 6.b vedlegg I punkt 24. Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m².
3. Framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplanen for utviding av postsmoltanlegg Skålevik med planid 202007 vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik det føreligg.
4. Som ein del av arbeidet med detaljreguleringsplanen skal det i samsvar med sjekklistene vist i Akseptkriterium ROS-analyse i arealplanlegging i Bømlo kommune dato 06.02.2013 gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Eventuelle tiltak og avbøtande tiltak skal innpassast i føresegnene til detaljreguleringsplanen og takast omsyn til ved utbygging.

Saksprotokoll og saksutgreiing ligg ved. Faktura på oppstartsgebyr vert sendt til Bremnes Fryseri AS i eigen sending.

Framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplan for postsmoltanlegg Skålevik er med dette vedteke utlagt til offentleg gjennomsyn i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing av 01.07.2017 § 6 b vedlegg I punkt 24. Høyringsfristen er 6 veker.

Med helsing
Bømlo kommune

Linda Djuvik
rådgjevar plan
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:
BREMNES FRYSERI AS
MULTICONSULT NORGE AS AVD STORD v/Eggereide
BREMNES FRYSERI AS v/ Moe Larsen



Dato: 07.01.2021
Arkivref: 2021/795-359/2021 / L10

Saksbehandlar: Linda Djuvik
53423156
linda.djuvik@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
8/21	Utval for areal og samferdsel	27.01.2021

SØKNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN MED KONSEKVENSGREIING FOR POSTSMOLTANLEGG PÅ 68/7 MFL. SKÅLEVIK PLANID 202007 (2020/1638)**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. I samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova vil kommunedirektøren rå til at gnr. 68, bnr. 7 mfl. Skålevik, Goddo i Bømlo vert teke opp til regulering for utviding av eksisterande lokalitet for postsmoltanlegg på land. Forslagsstillar skal melde oppstart av planarbeidet i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8.
2. Bømlo kommune set krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplan for postsmoltanlegg Skålevik. Heimel er forskrift om konsekvensutgreiing § 6.b vedlegg I punkt 24. Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m².
3. Framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplanen for utviding av postsmoltanlegg Skålevik med planid 202007 vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik det føreligg.
4. Som ein del av arbeidet med detaljreguleringsplanen skal det i samsvar med sjekklistene vist i Akseptkriterium ROS-analyse i arealplanlegging i Bømlo kommune dato 06.02.2013 gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Eventuelle tiltak og avbøtande tiltak skal innpassast i føresegnene til detaljreguleringsplanen og takast omsyn til ved utbygging.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 27.01.2021**Vedtak:**

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Dokument i saka:

Brev frå Multiconsult Norge AS v/Eggereide dato 07.01.2021

Referat frå oppstartsmøte dato 23.10.2020

Planinitiativ dato 06.10.2020

Planprogram for konsekvensutgreiing dato 07.01.2021

Bakgrunn for saka:

Multiconsult Norge AS v/Eggereide har på vegne av Bremnes Fryseri AS søkt om oppstart av reguleringsplan med konsekvensutgreiing for utviding av eksisterande lokalitet i Skålevik på Goddo.

Utvidinga gjeld postsmoltanlegg, slik at det kan produserast meir og større fisk på land.

I brevet til Multiconsult Norge AS står det:

Multiconsult vil med dette på vegne av Bremnes Fryseri AS søke om prinsippgodkjenning av detaljregulering etter PBL § 12-3, for utviding av eksisterande lokalitet i Skålevik på Goddo. Utvidinga gjeld postsmoltanlegg, slik at det kan produserast meir og større fisk på land.

Planområdet omfattar heile eller deler av eigedomane gnr./bnr. 68/1, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10 og 69/1, 3, 4, 6, 9 og 1. Plangrensa er vist på vedlagt kart. Den planlagde utbygginga vil i all hovudsak gå føre seg på eigedomar som per i dag er i Bremnes Fryseri sin eige.

Bremnes Fryseri har i dag eit settefiskanlegg på gnr./bnr. 68/7, 8 og 69/4. Reguleringsplanen vil legge til rette for bygging av oppdrettsanlegg på land. Det vil truleg verte etablert fleire bygg. Det er per i dag usikkert om- og kva delar av eksisterande anlegg som vert vidareført. Det er òg uklart kor mange byggetrinn det blir snakk om. Det er planlagt utfylling i sjø, for å sikre best mogleg massebalanse, for å auke arealet på sjønivå, og for å leggje til rette for djupvasskai. Det er allereie etablert fyllingar og kaiområde i denne strandsona i dag.

Det føreligg ikkje reguleringsplan for området, og det er heller ingen reguleringsplanar i nærleiken. Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune viser dei aktuelle områda innanfor foreslått varslingsgrense som LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad og næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett). Sjøområda i planområdet har arealføremål noverande akvakultur og noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona, samt naustføremål.

Det er gjennomført oppstartsmøte med Bømlo kommune 23.10.2020. Det vart utarbeidd planinitiativ i forkant av møtet, som omtalar premiss for planarbeidet, sjå vedlegg.

Planarbeidet er vurdert i høve Forskrift om konsekvensutredning, og det er vurdert at det er krav om konsekvensutredning (KU) for reguleringsplanen. Følgande tema er planlagt greidd ut: naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, friluftsliv og landskap. Program for utgreiinga er vist i vedlagt planprogram som vil sendast på høyring samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning

Plan- og bygningslovens § 4-2, § 12-10 og § 14-6 bestemmer kva planar som skal konsekvensutgreiast. Forskrift om konsekvensutgreiing definerer kriterier for kva planar som skal konsekvensutgreiast. Planframleggets tiltak fell inn under § 6 bokstav b *reguleringsplan etter PBL for tiltak i vedlegg I, Planer etter plan- og bygningslova og tiltak etter annet lovverk som alltid skal ha planprogram og konsekvensutgreiing*. Det er vedlegg I punkt 24 som utløyser krav til konsekvensutgreiing, då det er venta at tiltaket vil medføre næringsbygg med meir enn 15000 m² samla bruksareal.

Det vert dermed utløyst krav om konsekvensutgreiing (KU) for planen.

Planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplan for utviding av postsmoltanlegg Skålevik planid 202007.

Frå framlegg til planprogram for konsekvensutgreiinga tek me med:

Føremål med planarbeidet

Bremnes Fryseri AS vil fremje reguleringsplan for landbasert oppdrettsanlegg for laks i Skålevik, Bømlo kommune. Bremnes Fryseri AS sitt dotterselskap Bremnes Seashore AS driv allereie eit eksisterande anlegg i det aktuelle området, og planen legg opp til å oppgradere og utvide dette. Utviding av anlegget legg til rette for at ein kan produsere meir og større fisk på land. Akvakulturtiltak er konsesjonspliktige, og det er planlagt å søkje om årleg konsesjon på 8000 tonn post-smolt til snittvekt på 1,0-1,5 kg. Produksjonen ved eksisterande oppdrettsanlegg er på om lag 1 million smolt til ein storleik på 120 gram.

Eksisterande oppdrettsanlegg i Skålevik baserer seg på utandørs fiskekar, nokre til dels opne, og gjennomstrøyming av vatn. Moderne oppdrettsanlegg vert i dag bygd inn i hallar. Dette vert gjort av produksjonstekniske grunnar, men vil òg medføre mindre sjenanse frå anlegget til omgjevnadane. Bygningsmassen vil truleg bli inndelt i fleire bygningskroppar, mellom anna av smittehygieniske årsaker. Anlegget skal byggast med moderne RAS- teknologi, dvs. at mellom 95 % og 99,5 % av vatnet vert resirkulert i anlegget.

Produksjon på land gir betre høve til å kontrollere ein del av oppdrettstilhøva, samanlikna med produksjon i sjø. Det er dermed mogleg å redusere problem med til dømes algeoppblomstring, lakselus og kjende sjukdomar som det i dag er knytt store kostnader til, t.d. PD (pankreassjukdom) ILA (infeksiøs lakseanemi) og AGD (amøbegjellesjukdom). Landbasert oppdrett vil òg gi betre kontroll med omsyn til å unngå fiskerømming. Samstundes er det andre utfordringar knytt til landbasert oppdrett, som til dømes større areal- og energibehov samanlikna med produksjon i sjø.

Bremnes Fryseri ynskjer å leggje til rette for at ein større del av produksjonstida for fisken skal vera på land, for å dra nytte av fordelane som det gir med tanke på mellom anna sjukdom- og luseproblematikk.

Tiltaket vil bidra til ei auke i verdiskaping i kommunen. Dagens anlegg har 3 faste arbeidsplassar, og ein går ut i frå at eit ferdig utbygd anlegg med produksjon på 8000 tonn post-smolt per år vil kunne ha trong for 15-20 faste tilsette, kanskje enno fleire. Ei utbygging vil medføra store investeringar med høg aktivitet i ein byggje- og anleggsfase. Når nytt anlegg kjem i drift vil dette erfaringsmessig medføra positive ringverknadar for service- og tenesteytande næringsverksemdar lokalt.

Tiltakshavar

Tiltakshavar er Bremnes Fryseri AS. Dotterselskapet Bremnes Seashore AS har i dag hand om heile produksjonskjeda for laks, og er ei av dei største privateigde oppdrettsverksemdene for laks i Noreg. Selskapet har oppdrettsanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, fordelt på 23 lokalitetar i sju kommunar. Dei har tre anlegg for produksjon av settefisk, eitt av dei er det eksisterande anlegget i Skålevik som ein no ønskjer å utvide. Multiconsult Norge AS er forslagsstillar på vegne av Bremnes Fryseri AS.

Krav om konsekvensutredning (KU)

For dette planarbeidet er det forskrift om konsekvensutredningar § 6, bokstav b som vert gjeldande, kor det vert stilt krav om konsekvensutgreiing for tiltak som er skildra i vedlegg I til forskrifta. § 6, bokstav b, opnar for unntak frå konsekvensutgreiing dersom det konkrete tiltaket tidlegare har vore konsekvensutgreidd i annan plan, som t.d. overordna plan, men dette tiltaket har ikkje tidlegare vore utgreidd. Under forskrifta sitt vedlegg I er det punkt nummer 24 som utløyser krav til konsekvensutgreiing, då det er venta at tiltaket vil medføre næringsbygg med meir enn 15000 m² samla bruksareal.

Naturmangfald:

Det er kjent at det tidvis vert observert raudlista fugleartar i og kring sjøområda i planområdet/Kassosen. Det er òg registrert økologisk funksjonsområde/leveområde for nokre av desse artane i området. Det er vanleg å gjere slike funn ved settefiskanlegg, på grunn av utslepp av organisk materiale.

Kjente databasar viser òg andre registreringar i området, noko som i stor grad er grunna MOM-B og MOM-C undersøkingar knytt til eksisterande anlegg.

Det er ikkje registrert særskilde naturtypar innanfor eller i direkte tilknytning til planområdet. Det er registrert to område med den marine naturtypen «Blautbotnsområde» av lokal viktig verdi nordvest for området, mellom Utslåttøya og Skorene, samt mellom Utslåttøya og Ylvesøya. Det er tre område med den marine naturtypen «Skjellsand» mellom Høgeholmen/Jonsholmen, Utslåttøya og Ylvesøya. Desse er klassifisert som viktige.

Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for fisk i sjøområda utanfor Skålavika. Kassosen er ein del av vassførekomsten Selsfjorden, som i følgje Vann-nett har god økologisk og kjemisk tilstand. Det skal vera ein bestand av aure tilknytt Skålevikvatnet. Skålevikvatnet har god økologisk og kjemisk tilstand.

Utsiling av KU-tema

KU-forskrifta § 21 er nytta for å vurdere kva slags tema som bør takast med i utgreiinga, saman med forslag til tema frå planinitiativet. Oversikt over aktuelle tema for KU etter forskrifta og SVV si handbok V712 er synt i tabellen i planprogram side 14. I tabellen er det skildra/kommentert om tema er aktuelt, kva tilhøve som er viktige, og om det skal/bør omtalast i ein KU eller i planomtalen.

Tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga (KU):

Det skal utførast konsekvensutgreiing for følgjande tema:

Landskap (inkl. strandsone)

Friluftsliv

Naturmangfald

Naturressursar (inkl. landbruk)

Kulturminne og kulturmiljø

Vurderingar:

Bremnes Fryseri AS planlegg utviding av eksisterande postsmoltanlegg i Skålevik på Goddo. Det er trong for utviding av eksisterande anlegg slik at ein kan leggje til rette for produksjon av meir og større fisk på land.

Akvakulturtiltak er konsesjonspliktige, og det er planlagt å søka om årleg konsesjon på 8 000 tonn postsmolt til snittvekt på 1-1,5 kilo. Dagens produksjon er på om lag 1 million smolt til ein storleik på 120 gram.

Bremnes Seashore har i dag hand om heile produksjonskjeda for laks, og er ei av dei største privateigde oppdrettsverksemdene for laks i Noreg. Selskapet har oppdrettsanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, fordelt på 23 lokalitetar i sju kommunar. Dei har tre anlegg for produksjon av settefisk, eitt av dei er det eksisterande anlegget i Skålevik som ein no ønskjer å utvide. Seashore-konsernet er i tillegg deleigar i settefiskanlegget AS Sævareid Fiskeanlegg og postsmoltanlegget Tytlandsvik Aqua AS.

Moderne oppdrettsanlegg på land blir i dag bygd inn i hallar. Dette vert gjort av produksjonstekniske grunnar, men vil òg medføre mindre sjenanse frå anlegget til omgjevnadane. Bygningsmassen vil truleg bli inndelt i fleire bygningskroppar, mellom anna av smittehygieniske årsaker. Anlegget skal byggast med moderne RAS- teknologi, dvs. at mellom 95 % og 99,5 % av vatnet vert resirkulert i anlegget.

Det er eit aukande fokus på at sjømat skal produserast på ein meir berekraftig måte. Landbaserte anlegg, der produksjonen skjer under svært kontrollerte forhold, vil lettare kunne dokumentere fotavtrykket som denne produksjonen gir. Vidare vil landbaserte anlegg ha mykje betre kontroll på oppdrettsvilkåra (som til dømes vasskvalitet, sjukdomskontroll, etc.), betre kontroll av utslepp og forureining, oppsamling og behandling av slam, samt betre kontroll for å unngå rømming av fisk. I eit overordna perspektiv vil difor eit landbasert anlegg ha mange fordeler framfor tradisjonelt merdoppdrett i sjø for delar av produksjonstida.

Lokalt vil bygging av anlegget ha mange positive ringverknader. Det vil bety betydelege investeringar, der lokale bedrifter kan nyte godt av både byggefasen og drifts-/vedlikehaldsfasen. Fullt utbygd vil anlegget på Goddo kunne ha behov for ca. 15-20 faste tilsette i Bremnes Seashore, i tillegg til underleverandørar.

Størrelse på planområdet er ca. 72 daa.

Området er ikkje regulert tidlegare, og det er ingen reguleringsplanar i nærleiken.

I området i dag er det eksisterande settefiskanlegg med eksisterande bygningar, eksisterande fyllingar og kaiar. I gjeldande kommuneplan er arealbruksføremålet noverande næringsbebyggelse, noverande akvakultur, noverande andre typer bebyggelse og anlegg (naust), noverande spreidd boligbebyggelse, noverande LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag, noverande fritidsbebyggelse, noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Planarbeidet er vurdert i høve *Forskrift om konsekvensutgreiing*. På oppstartsmøtet vart det sett krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplan på grunn av at det er planlagt utviding av næringsbygg med eit bruksareal på meir enn 15000 m².

Multiconsult Norge AS har laga framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing for reguleringsplan Skålevik. Planprogrammet for konsekvensutgreiing vert sendt på høyring i samband med oppstartsmeldinga på reguleringsplanen.

Følgjande tema er planlagt greidd ut: naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, friluftsliv og landskap. Kommunedirektøren har ingen merknader til dei tema som er valt for konsekvensutgreiinga.

Utviding av eksisterande postsmoltanlegg i Skålevik er eit svært viktig tiltak for å leggje til rette for meir og større landbasert produksjon av laks, og dermed bidra til auka matproduksjon basert på miljøvenlege og berekraftige produksjonsmetodar. Bremnes Fryseri ynskjer å leggje til rette for at ein større del av produksjonstida for fisken skal vera på land, for å dra nytte av fordelane som det gir med tanke på mellom anna sjukdom- og luseproblematikk. Tiltaket vil bidra til ei auke i verdiskaping i kommunen. Dagens anlegg har 3 faste arbeidsplassar, og ein går ut i frå at eit ferdig utbygd anlegg med produksjon på 8000 tonn post-smolt per år vil kunne ha trong for 15-20 faste tilsette, kanskje enno fleire. Ei utbygging vil medføra store investeringar med høg aktivitet i ein byggje- og anleggsfase. Når nytt anlegg kjem i drift vil dette erfaringsmessig medføra positive ringverknadar for service- og tenesteytande næringsverksemdar lokalt. Kommunedirektøren rår til at Bremnes Fryseri AS får løyve til å starte opp arbeidet med reguleringsplanen som omsøkt. Kommunedirektøren rår til at framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplanen for postsmoltanlegg Skålevik med planid 202007 vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik det føreligg.

Økonomiske konsekvensar:

Utbyggjar skal dekke alle kostnadane knytt til planarbeidet.

Miljømessige konsekvensar:

Planomrisset strekker seg litt ut i sikringszone H110_2 nedslagsfelt drikkevatt, beskrivelse drikkevasskjelde og settefiskanlegg heilt sør i planområdet.

I framlegg til planprogram for konsekvensutgreiinga står det:

For dette planarbeidet er det forskrift om konsekvensutredninger § 6, bokstav b som vert gjeldande, kor det vert stilt krav om konsekvensutgreiing for tiltak som er skildra i vedlegg I til forskrifta. § 6, bokstav b, opnar for unntak frå konsekvensutgreiing dersom det konkrete tiltaket tidlegare har vore konsekvensutgreidd i annan plan, som t.d. overordna plan, men dette tiltaket har ikkje tidlegare vore utgreidd. Under forskrifta sitt vedlegg I er det punkt nummer 24 som utløyser krav til konsekvensutgreiing, då det er venta at tiltaket vil medføre næringsbygg med meir enn 15000 m² samla bruksareal.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Som ein del av arbeidet med detaljreguleringsplanen skal det i samsvar med sjekklister vist i Akseptkriterium ROS-analyse i arealplanlegging i Bømlo kommune dato 06.02.2013 gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Eventuelle tiltak og avbøtande tiltak skal innpassast i føresegnene til detaljreguleringsplanen og takast omsyn til ved utbygging.

Folkehelse:

Lokalt vil bygging av anlegget ha mange positive ringverknader. Det vil bety betydelege investeringar, der lokale bedrifter kan nyte godt av både byggefasen og drifts-/vedlikehaldsfasen. Fullt utbygd vil anlegget på Goddo kunne ha behov for ca. 15-20 faste tilsette i Bremnes Seashore, i tillegg til underleverandørar. Sett i eit folkehelseperspektiv vil dette vera positivt.

Oppsummering og konklusjon:

Multiconsult Norge AS har på vegne av Bremnes Fryseri AS søkt om oppstart av reguleringsplan for utviding av eksisterande postsmoltanlegg på land på 68/7 Skålevik. Tiltaket utløyser krav til konsekvensutgreiing då det er planlagt å byggje næringsbygg på meir en 15000 m². Kommunedirektøren rår til at Bremnes Fryseri AS får løyve til å starte opp arbeidet med reguleringsplanen som omsøkt. Kommunedirektøren rår til at framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplan for utviding av postsmoltanlegg Skålevik med planid 202007 vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik det føreligg.